# BOKN BYGDEBLAD

NR. 2 MARS 1990 ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## KVINNEFORUM I BOKN?

I de senere år har det vært et stadig økende ønske om å satse på kvinner - spesielt i utkantstrøk. Distriktenes Utbygningsfond (DU), andre statlige organ og de enkelte partier har tilrettelagt for en økt satsing.Således har DU i år som i fjor avsatt egne midler til kvinnerettet tiltak.I tillegg har DU opprettet egne fylkeskonsulenter som spesielt har slike tiltak som arbeidsområde.

Bakgrunnen er at en spesielt i utkantstrøk mangler organiserte kvinneretta tiltak og ikke minst arbeidsplasser.Der finnes således en betydelig skjult arbeidsløshet blant kvinner.
Uten tilfredsstillende arbeid eller muligheter for bruk av egne evner og resurser vil det være vanskelig å få kvinner til å bosette seg i utkantstrøk.

I Bokn har vi nå tatt initiativ til danning av et kvinneforum,og det første møte med en del kvinner er avholdt.Vi håper at en gjennom et kvinneforum vil kunne etablere et sterkt kvinnemiljø som kan påvirke rammebetingelsene for etablering og påvirke sitt nærmiljø for en bedre stedsutvikling.

I miljø vil en kvinne finne støtte og ideer både til etableringer.utvikling for den enkelte samt bli en gruppe som deltar aktivt i nærsamfunnet.

Det finnes alt en del etablerte kvinneforum bl.a. i Haugesund,Etne, Karmøy og Kvitsøy.I Vindafjord er et under etablering.
Det viser seg at de kvinneforum som etablerer seg i tettsteder ofte har som formål å drive egenutvikling,mens en i utkantstrøk ofte har som formål å etablere arbeidsplasser.Vi håper dette kan kombineres,og at en kan danne et nettverk mellom forumene.

Det viktigste er at kvinneforumet selv bestemmer hvilke mål en skal ha og hvordan forumet skal drive.
Det er også viktig at forumet kan bli et organ som kan stille krav i kommunen.
Næringskonsulenten og administrasjonen vil stå til tjeneste når det måtte være ønskelig.
Kvitsøy har et etablert forum, og selv om dette til nå ikke har vært særlig aktivt,viser det seg at de fleste nyetableringer nå kommer fra kvinner,bl.a. kjellerbakeri,porselen,kafedrift,galleri og rammeverksted,suvenirer etc.

Vi håper å få konsulenten for kvinnerettet tiltak til Bokn med det første,og beregner møtet lagt til kveldstid slik at flest mulig kan møte.
Dersom en ønsker nærmere opplysninger - ta gjerne kontakt med næringskonsulenten som skal ha fast kontordag hver tirsdag,eller ring privat om kvelden.

Hilsen
Næringskonsulenten

## ÅRSMØTE I BOKN HØYRE

Bokn Høyres årsmøte ble avholdt på Boknatun tirsdag 20.februar.

Styret ble slik:

Leder:Lars Sigmund Alvestad (gj.v.)
Nestleder:Svein Ove Alvestad (gj.v.)
Styremedlem: Linda Jensen
Styremedlem: Kjell Terje Bryningsland
Styremedlem:May Elisabeth Alvestad (ny)

Bokn Høyre hadde i 1989 ni møter inkl. gruppemøter.
Stortingsrepresentant Sverre Mauritzen besøkte Bokn 16.september 1989 i anledning valget. Det ble foretatt bedriftsbesøk og møte med kommuneadministrasjon og kommuneansatte.
Bokn Høyre tok i 1989 initiativ til et tverrpolitisk møte om å få oljegrus på veien fra Grønnestadkrossen til Loten.

Den 11.februar 1990 ble det nedsatt et interimsstyre for Bokn Unge Høyre. Formann ble Dag Idar Jøsang. Interesserte kan ta kontakt med ham.

Det vil fortsatt bli avholdt gruppemøter på mandag før kommunestyremøtene på Boknatun kl.19.00 og vi håper på god oppslutning fra medlemmene.

HUSK: GRUPPEMØTE MANDAG 12.MARS KL. 19.00.

BOKN HØYRE

## ÅRSMØTE I BOKN KR.F

Bokn Kristeleg Folkeparti hadde årsmøte tirsdag den 16.januar.
Med oss på møtet var Borghild Yrkje som i sitt foredrag kom inn på samferdsel,og serleg bilen som nødvendig framkomstmiddel i utkantstrøk.
Årsmøtet tok og opp spørsmålet om framtidig kommunesenter,og gjekk samstundes inn for at Føresvik og i framtida skal vera kommunesenteret.
Kristeleg Folkeparti vil arbeida for at hurtigbåtane må gå innom Føresvik også i framtida.

Valg:
Det vart gjenvalg på leiar og styremedlemmer.Desse er i styret:

Sverre Øvrebø, leiar

Styremedlemmer:

Sigurd Johnny Svendsen
Karen Hetland
Gunvor Øvrebø
Ingrid Blikshavn

Utsendingar til Fylkesårsmøtet vart:
Sigurd Johnny Svendsen og
Sverre Øvrebø

Me hadde i året som var 3 styremøter/valgmøte, 2 eigne sendingar på radio 102 og to sendingar saman med Kr.f i nabokommunane,elles gjekk arbeidet med å verva medlemmer og valgarbeid.

Sverre Øvrebø

## HJELP TIL POLEN

I midten av mars kjører et vogntog til Polen med sykehus-utstyr,rullestoler,klær,mat og maling til oppussing av barnehjem.
Sjåføren,Olav Gauksheim,har reist jevnlig til Polen siden 1971 og har bl.a. vært med på å bygge opp et barnehjem der,så han er godt kjent med forholdene i landet.Den siste tiden er tilstanden blitt mye verre, sier han,det er stor mangel på de nødvendigste ting og utbredt fattigdom.

Bokn Røde Kors tar imot klær,sko, leketøy og tørrvarer som kakao,ris, te,kaffe,tørrmelk o.l. for videresending til Polen hver onsdag kl.17-19 i 3.etasje i gamle banken.Har du anledning til å pakke selv og skrive innholdet utenpå eskene (f.eks. "barneklær str.2-4 år") er det flott, men sortering og pakking kan også vi ta oss av.Voksentøy mottas også.
Finn fram alt som ligger lagret i kott og skap fordi det er for godt til å kastes,nå kan noen få glede av det.

Audhild

# KVA SKAL MILJØUT-VALET GJERA?

Dette var m.a. eit av spørsmåla som vart stilt då miljøutvalet i Bokn hadde konstituerande møte den 15. februar.Miljøutvalet er eit underutval under formannskapet.

Utvalet fekk slik samansetjing:

Sigvart Våga - leiar
Birger Lindanger - nestleiar
Liv Vatnaland - medlem
Inger Sønnøve Bokneberg - medlem
Ottar Borgenvik - medlem
Augustin Thuestad - medlem

Marit Markhus er sekretær for utvalet.Etatsjefane fungerer som arbeidsutval.

Bokn Bygdeblad har snakka med avdelingsingeniør Marit Markhus om kva oppgåver miljøutvalet skal ha. Ho fortel at utvalet skal arbeida med miljøsaker.Utvalet har fått i oppdrag frå formannskapet å utarbeida forslag til kommuneplan for området miljø og ressurs,pluss retningsliner for nemnda sitt vidare arbeid.

Aktuelle saker kan også vera:

- Forsøpling av kommunen - t.d. bilvrak,jernskrap,søppelfyllingar m.v.
- Forureining.Eksempel kan vera frå jordbruk,kloakkutslepp og andre forureiningskjelder. Kjeldesortering,dvs. sortering av ulike slag avfall.Kan bli aktuelt i samarbeid med andre kommunar.
- Vassbruksplan.Kva skal vatna brukast til.Kva krav set ein til dei ulike vatna m.h.t. forureiningsgrad.
- Bygningsmiljø.Tek ein vare på eldre byggeskikk? Set ein estetiske krav til nytt? Kva med inneklima?
- Kulturlandskap. Tar ein omsyn til landskapet når ein byggjer t. d. vegar,hus m.v.
- Trafikkmiljø. Sikring av såkalla "mjuke" trafikantar,støyproblem m.v.

Utvalet vil prøva å få i gong eit samarbeid med skulen slik at emnet miljø og ressurs vert konkretisert til det nære lokalsamfunn.

Marit Markhus presiserer at dette med miljøutval er nytt,og at ein må prøva seg fram.Det nyttar lite å arbeida med dette dersom folk ikkje bryr seg.Dei må ha eit ynskje om å ta vare på miljøet rundt seg,slik at generasjonane etter dei skal ha tilgang på jordbruksvarer,fisk,rein luft og reint vatn m.v. Det same gjeld eit ynskje om å ha eit godt og triveleg lokalmiljø.Ein må ta vare på dei kvalitetane som er med på å gjera Bokn til ein triveleg stad å bu.

Utvalet er innstilt på å få eit positivt samarbeid med folk flest for å fremja trivnad både på kort og lang sikt.

Ved at kommunen nå har oppretta eit eige utval for miljøarbeid,vil ein kunna få eit meir samla oversyn over kva kvalitetar som fins i lokalmiljøet,og kva som er i fare og må gjerast noko med.

# BYGGJELØYVE FOR SJØHUS

Vidar Grønnestad har fått byggjeløyve for sjøhus på Hognaland. Løyvet er gitt med atterhald om samtykke frå helseråd,friluftsnemnd,fylkesfriluftsnemnd og kommuneplanutvalet.Byggjeløyvet vart gitt av bygningsrådet i møte 1. februar i år.

# BYGGJELØYVE FOR FRITIDSBUSTAD

Nils Bjørn Nilssen har fått byggjeløyve for fritidsbustad i Straumen.Bygningsrådet sitt vedtak er gjort med atterhald om samtykke frå helseråd,friluftsnemnd og kommuneplanutval.

# 10-ÅRS JUBILEUM
## I PENSJONISTFORENINGA

Berre blide pensjonistar, 35-40 i talet,var møtt fram i musikkrommet på Bokn skule for å feira 10-års dag for Bokn pensjonistforening den 23.februar.

Emil Lundervold og Sigrid Lundervold frå Tysvær var komne for å bidra med song,musikk,andakt og underhaldning.Dei spela på eit stort register både med song,spel og anna underhaldning og gjorde sitt til at det vart ein fin kveld.

Elise Kro las opp referat både frå den gongen pensjonistforeninga vart starta,og frå det første møtet for 10 år sidan.

Det var helsing og gratulasjonar både frå SR-Bank Bokn og Bokn kommune med overrekking av konfekt og blomar på 10-årsdagen.

Pensjonistforeninga samlar mange eldre,men ynskjer stadig at fleire både av dei "unge" og "eldre" pensjonistane kan koma og bli med.Dei har det gildt.

Beretninga frå kasseraren syner at foreninga har størst utgifter på den årlege sommarturen.Inntektene kjem stort sett frå utlodningar på pensjonisttreffa.

Det vart servert herleg lapskaus, fløytekaker og kaffi.
Målfrid Kro Trosnavåg takka for maten og las dikt til avslutning.
Tre nye vart valde inn i styret - som ser slik ut:

Olaug Hognaland (ikkje på val)
Tordis Ellingsen (ikkje på val)
Elise Kro
Kjell Kro
Fernanda Alvestad

# INFORMASJON FRÅ LEGEKONTORET

- Kontortida er litt forandra p.g.a. kommunikasjonane.Dei dagane legane er her er fortsatt tirsdagar og den 2. og siste fredagen i kvar mnd.
- Dr. Aune er her kvar tirsdag. Han reiser tilbake kl.13.05 eller kl. 17.30 annankvar tirsdag.
- Dr. Caspersen er fortsatt her den 2. og siste fredagen i mnd. Andre fredagen i mnd. reiser ho kl.13.05,og den siste fredagen i mnd. reiser ho kl.17.30.
- Når det gjeld bedriftskontrollane, har vi til nå ikkje hatt kapasitet til å ta oss av alle desse. Dette håpar vi å få orden på når vi får betre tid.
- Legehonoraret er nå auka til kr.63 for vanleg konsultasjon.Små tenester som kontroll av blodprosent, urinprøver o.s.v. kostar nå kr.10.
- <u>Timebestilling</u>
  Du kan som tidlegare,bestilla tid hos legen ved å ringja sjukestova mandagar mellom kl.13-15.
  Vi ønskjer å få ei fast tid for timebestilling dei dagane legane er her.
  Prøv om du kan ringja mellom
  <u>kl.8.00 - 10.00</u>
  eller etter kl.13.00.
- Kontorsjukepleiar har egentleg arbeidstid frå kl.7.45-15.15.P.g.a. endra kontortid for legane,er den nå frå kl.7.45-14.15 eller frå kl. 7.45-16.15 alt etter kor lenge legane har kontortid her.
- Medisinene kjem kl.16.00 og kan hentas på sjukestova etter kl. 19.00.Dei siste reseptane som vert innringt kan bli forsinka til neste dag.

Målfrid

...det er vi som selger
BLINK HUS En fulltreffer
FORSLAG TIL KJØKKENTEGNING • BYGGESAKSBEHANDLING...
FOR AVTALE PÅ BOKN RING SOLVEIG GUNDERSEN TLF. 748501
UTVIK A/S
TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES – TLF. (047) 43 111

# 20 OG ½ ÅR FOR ELSE NILSSEN
# I BOKN KOMMUNE

## GJEKK AV SOM PLEIE- OG OMSORGSSJEF 1.MARS VED OPPNÅDD ALDERSGRENSE

### HYLLEST TIL HELE BOKN'S SØSTER ELSE

Fra Hadsel i nord,til Bokn i sør
kom søster Else,til "åpen" dør.
Avstandene var lange,og oppgavene mange
men som alle vet,var ikke søster Else bange.

Du mye på Bokn opplevd har
-der du gikk i Anna's fotefar.
Som jordmor du også var god å ha
til og med ferjefødsler gikk bra.

Mang en syketransport har du hatt
ingen forskjell på dag eller natt.
Boknernes tillit til deg er stor
din hjelp var god å ha over den åpne fjord.

En utrolig god helse har du hatt
det må være litt av en skatt

Fremdeles du på foten er god og lett
kunne like gjerne ha danset ballett.

Om du midt på natten ble vekket opp
humøret ditt,det var alltid på topp.
Om noen syntes de dommen fikk
du ofte ga dem en god replikk.

Du ved mange dødsleier våket har
når det mot slutten av livet bar.
Din støtte for de nærmeste var uunnværlig
som "søster" og medmenneske var du god og kjærlig.

Vi sikre er,tar ei munnen for full
for Bokn's befolkning du var verdt gull.
Så hjertlig takk for de hjelpsomme 20 år
vi håper du mange gode pensjonistår får.


**SR-PERSONKONTO SYR FORDELER SAMMEN**

**HØY RENTE**

**ENKEL OG OVERSIKTLIG**

**PRAKTISK I BRUK**

SR-BANK




DET ER INGEN APRIL-SPØK AT 7.KL. SKAL FRAMFØRE DENNE REVYEN SØNDAG 1. APRIL KL. 14.00 PÅ BOKN SKOLE.

Revyen "5000 UNGDOMMER", som mange fikk se og høre litt av på skolens jule - avslutning i fjor, er skrevet av Ole Paus med tanke på at 5000 ungdommer blir drept eller skadd i trafikken hvert år. Denne revyen "på liv og død" har et tema som vil bli mer og mer aktuelt her i kommunen ettersom trafikken kommer til å vokse.

Ungdommer mellom 15 og 25 år er mest utsatt, og revyen tar bl.a. for seg hvordan det går med dem som i løpet av brøkdelen av et sekund fikk livet sitt og framtida smadret på en vei.

7.kl. har engasjert seg sterkt i dette, og gjør en fantastisk innsats både som klasse og som solister i denne sterke, tankevekkende, men også underholdende revyen.

KOM OG SE OG HØR SØNDAG 1. APRIL !!!!!!

Jardar

# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## E L E V K O N S E R T

LØRDAG 10. MARS KL. 15.00 ER DU HJERTELIG VELKOMMEN TIL EN UHØYTIDELIG KONSERT I VÅR KJÆRE GYMSAL.

Det er elever i musikkskolen som vil utfolde seg i grupper og individuelt. Programmet er som vanlig variert med lyder fra bl.a. piano, orgel,fløyter,trommer,gitarer,menneskestemmer og synthesizer.

En framførelse av musikkspillet "FREDSDAGEN" må også nevnes.

Og sist, men ikke minst : du vil få en smakebit på hvordan det nye musikkanlegget fungerer.

Det er klart for en musikalsk opplevelse denne ettermiddagen.

HJERTELIG VELKOMMEN !!!

Jardar

# BOKN KOMMUNE

## KULTURMIDLAR 1990

Alle lag,foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1990.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

NB! Søknader som kjem inn etter fristen,kan ikkje rekna med å få stønad.

Søknadsfrist: 30.mars 1990.

Bokn kulturstyre.

# BOKN FOLKEBIBLIOTEK




**OPNINGSTIDER:**

**TIRSDAG: 10 - 13.30**

**ONSDAG: 16 - 19**

**TORSDAG: 10 - 13.30**

## LESETIPS

VAKSNE

* Ustvedt, Yngvar:
  De så at det skjedde
* Mc Evan, Ian:
  Den uskyldige
* Undset, Sigrid:
  Våren
* Hanssen, Bjørn-Erik:
  Gategutt




BARN OG UNGDOM

* Brodin, Elin:
  Kjære Timo
* Hovland, Ragnar:
  Mercedes
* Holmedal, Jostein:
  Farlig åker
* Dahl, Roald:
  Charlie og den store glassheisen
* Sem, Gunnar:
  Bergfolkets barn
* Sund, Torvald:
  Slang

## BOKKAFÈ

FRITIDSKLUBBEN "PETRA" HAR BOKKAFÈ I ALLROMMET ONSDAG 14.03. FRA KL. 16.00-19.00

## BARNETIME

BARNETIME PÅ BIBLIOTEKET ONSDAG 14.03 KL. 17.00




## GULLHØNA

Nå har det sjedd endringar.
Ferja går nå 50-60 turar til dagen.
Kjell Øvrebø synest likevel ikkje at det er meir travelt.
Dei er eit døgn på ferja og to døgn fri.
Det er fire mann på kvart skift og til saman 12 ansette på ferja.
Kvar tredje helg har dei vakt.
Det er mest bilar på fredagar og på søndagar.
Det hender ofte at ferja er full.



## INFLUENSA

Ja nå har dei fleste Boknerar vore sjuke. Det er "Chang hai-sjuka" som har herja. Den er veldig smittsom.
Det er mange sorter influensa, den forandrer seg litt frå kvart år.
Nokon fekk det kraftig, mens andre slapp lettare. Marie Faye seier at vaksinen har hjelpt.
Dei som har fått vaksine og vert sjuke har ikkje hatt det så kraftig.

## BOKN SKULEKORPS MED I DRILLIADEN

Drilliaden 4.februar var Lene, Lisa, Mariann, Annelin og Hilde-Louise med i.Drilliaden er ein drillkonkuranse for dei som går på drill. Alle som har noko og vise fram kan vera med. Dei har laga noko av programmet sjølv og noko har dei lært.
Dei hadde masse ekstraøvingar og generalprøven var på bingoen 2.februar. Dei har lært å drilla av Ann Jeanett Sunde og Karete Larsen, og nå lærer dei av Tove-Bente Langvik.
Drilliaden var i Førre (Tysver) Håland drilltropp frå Karmøy vant juniorklassen.
Tau vant duettklassen, og dei vant og seniorklassen.
Førre vant soloklassen.
Me skall prøve å vere med i oktober og.



## SKULEFORANDRING

Skulen skal byggast om. Dette er eit krav pga auka elevtal og funksjonshemma elevar.
Planlegginga er så vidt starta. Me håper å få starta bygginga til somaren. Ytterveggene, gymsalen, inngangspartiene, toalettene og mange av veggene blir ståande sånt som nå. Vi vil gjerne ha litt meir vegger sånt at det blir litt rolegare i klasseromma, og ha ein plass for 1-3, 4-6 og 7-9.
Foreldre som gjerne vil vera med å bestemma får vera med på det.

# barneside




2

EI LE RE RO SY UT SÅ ÅL ÅS

3

ALT ETT KIL KNA LED OLE SKO STO TIT UER UTI YRE ØRE

4

ADEL ISNE MELK PENE SOLO STED

5

DAMPE SKAUT TROPP UDØPT

6

MARIAS PUSTER STANSE

7

KALSIUM ROKADER

8

ALENEMOR KLOKSKAP MOTTAKER

## BOK – KAFE

Nå har "petra" starta med bok - kaffe på allrommet, noko som er kjempegøy.
Der kan du spela spel og låne bøker. Det blir bok - kafe ca 1 gong i månden.
Det blir barnetime for dei minste med lesing og dukketeater og mykje meir.
Det blir salg av vafler, brus og kaffe.
Der vil bli bok -kafe den 14 mars med barnetime og det heile.

VELKOMMEN




Svar: Bergen, Haugesund, Ålesund

# LEDIG STILLING

BOKN KOMMUNE
4290 FØRESVIK

½ STILLING SOM SJUKEPLEIAR (NATT)
LTR.16-20

For snarleg tiltreding er det ledig ½ stilling for sjukepleiar (natt). Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar,kan anna personale med utdanning og/eller praksis frå relevant arbeid søkja og få tidsavgrensa tilsetjing.

Det vert lagt stor vekt på fleksibilitet i arbeidet og evne til samarbeid.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.
Dei som vert tilsette,må retta seg etter dei endringar i arbeidsområda som vert fastsett.

Opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller helse- og sosialsjef, tlf. (04) 74 85 00.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune,administrasjonsutvalet, 4290 Føresvik.

Søknadsfrist: 20.mars 1990.

**Sjukepleiar** -
**ltr. 16-20.**

**Der er ledig 1/1 stilling som sjukepleiar ved Bokn sjukestove/åpen omsorg. Stillinga er ledig frå 1. mars 1990.**

**Det vert lagt stor vekt på fleksibilitet, evne til samarbeid og evne til sjølvstendig arbeid.**

**Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Ein må kunna disponera bil i arbeidet.**

**Tilsette i kommunen må retta seg etter eventuelle endringar i arbeidsområdet.**

**Bokn kommune har samordna pleie- og omsorgstenesta i og utanom institusjon med Bokn sjukestove som base.**

**I dag går det ny veg til Austre Bokn. Pendelferje over Boknasundet kvar halvtime. Ferjeturen tek 5 minutt. Vestre Bokn er landfast seinhausten 1990.**

**Bokn kommune kan hjelpa til med å skaffa bustad.**

**Opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller helse- og sosialsjef, tlf. (04) 74 85 00.**

**Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet, 4290 Føresvik.**

**Søknadsfrist 15. mars 1990.**

## TILSETJINGAR I KOMMUNEN

Tone Børgesen er tilsett som styrar ved Bokn barnehage frå 1.mars 1990.

Marie Løvoll Faye er tilsett som avdelingssjukepleiar ved Bokn sjukestove/åpen omsorg frå 1.mars 1990.

Marianne Øvrebø er tilsett i vikariat som hjelpepleiar i halv stilling frå 12.03.90 - 05.05.91.

## RØDE KORS
### KURS OM BESØKSTJENESTE

Bokn Røde Kors arrangerer kurs for de som vil være med på besøkstjenesteordningen.Kurset vil gå over 5 ganger i tida 6. - 20.mars.
Emner på kurset blir bl.a. institusjonsbesøk,eldreomsorg,litt psykologi,sosiale trygder og tiltak.

Påmelding til Else Nilssen eller Solvor Våge.

# BOKN KOMMUNE TILBYR

## HUS- OG SJØHUSTOMTER I BYGGJEFELT VED HÅLANDSSJØEN

Byggjefeltet ved Hålandssjøen vil i løpet av våren vera klar for utbygg-jing.Til saman 23 hustomter og 21 nausttomter skal tilbys.

Rådmannen foreslår ovafor formannskap og kommunestyre at dei 12 første hustomtene vert utlyste for sal. Til kvar bustadtomt kan det tildelast 1 nausttomt.Pris for bustadtomt vert sett til kr.65,- pr. $m^2$,og for nausttomt kr.25.000,- pr. tomt.


**150 kroner**

er nok til mat for en familie i Sudan i én måned.

Postgiro Bankgiro 100 KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3


# CAMPINGPLASS

## MED UTLEIGEHYTTER I LAUPLANDSVÅGEN

Bygningsrådet i Bokn gjorde i møte den 1.februar i år vedtak om å rå til at det vert arbeidd vidare med ein reguleringsplan for campingplass ved Lauplandsvågen.
Det er firmaet Konsmo fabrikker A/S på vegne av Håvard Hetland som har lagt fram eit forslag til prinsipp-plan for utnytting av ein del av gnr.15 bnr.1 ytterst i Lauplandsvåg-en.

Teknisk sjef seier i saksutgreiinga at reguleringsplanen bør ta utgangspunkt i kommunedelplanen som forutset at arealet vert nytta til campingplass med tilhøyrande camping-hytter/sjøhus.Byggeområde til tradisjonelle hytter bør ikkje tillatast.

Teknisk sjef meiner at ideen om å byggja opp eit anlegg for vanleg overnatting innafor området bør utviklast vidare.


Din gave til mennesker i nød.
BRØD FOR VERDA



**VEDAVÅGEN RØR A/S**

ARNE VEDØY

4276 VEDAVÅGEN

| TILBUD | Førpris: | TILBUD |
| --- | --- | --- |
| Klosetter | 2.800,- | 1.850,- |
| Nedfellingsvask | 1.350,- | 950,- |
| 200 l varmetank m/regulering | | 3.250,- |
| 200 l varmetank u/regulering | | 2.850,- |
| 80 X 80 Ifø kabinett | 7.610,- | 4.950,- |
| Termostatbatteri Moora-FM | 1.200,- | 850,- |
| Collection 90 X 90 hjørnedusj | | 1.580,- |
| NO-HA husbranntrommel | | 450,- |

Foss - Collection - Sanitas baderomsmøbler 25% rabatt

Mobiltlf.090 72638

Telefon 81 57 33 (også kveld)

VI HAR FAGMANN SOM BOR PÅ BOKN

Kveldstid tlf. 74 85 63

B

## ARRANGEMENT I MARS

2.mars: PETRA arrangerer Fredags-diskotek i Diskoteket frå kl.20.00-23.00.
Aldersgrense:Frå 7.klasse og oppover.
Motto:"Moro uten rus"

2.mars: Bingo (idrettslaget)

6.mars: Hognaland barneforening har basar kl.19.00

10.mars: Elevkonsert

17.mars: Dans.Arr.:Idrettslaget
Musikk: "Embassy"

20.mars: Bokn Sanitetsforening har årsmøte på Allrommet,Boknatun, kl.19.00

24.mars: Røde Kors Basar

26.mars: Bokn hagelag har hagelags-møte på Allrommet;Boknatun. Foredrag av Rolf Eide om stauder.

1.april: "5000 ungdommer-en revy på liv og død" framført av 7.kl.
Bokn skule, kl.14.00

Diskotek alle lørdagane det ikkje er dans.

## TIL SALS

Brukt bæremeis (Lill Sport) - halv pris.Er som ny.Enkelt nytt vindu m/sprosser og karm 1,19m X 1,39m til sals.Halv pris.
Tlf.74 85 66.

## KYRKJEBYGD SØNDAGSSKULE (gamleskulen)

Søndag den 11.mars og søndag den 25.mars.

## FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 12. mars.
Påmelding til sosialkontoret,tlf. 74 85 00.

## LEGEKONTORET

Legekontoret er stengt tirsdag den 13.mars p.g.a. kurs.

## BUSSTUR TIL SVANDALEN

Søndag 11.mars kjører vi til Svandalen i Sauda med skiglade store og små personer.Vi har leid en fin turbuss og har ennå mange ledige plasser.Se oppslag i butikken!

Bokn Røde Kors Hjelpekorps
tlf. 748554 (John Magne)
tlf. 748359 (Torleif)

## BOKN KYRKJE

GUDSTENESTER I MARS/APRIL

Mars: 4. (Utdeling av "Godt Nytt"), kl.19 (4.klasse)
18.
April: 1.,13. og 16.

## VELKOMMEN PÅ KURS

Bokn Røde Kors arrangerer kurset "Velkommen til Røde Kors" på allrommet,Boknatun, den 17.mars kl.13-16.

Kurset skal gi nye medlemmer og andre interesserte en innføring i Røde Kors` oppgaver,lokalt,nasjonalt og internasjonalt.

Innhold: Røde Kors i Norge,Røde-Kors-Ideen,Geneve-konvensjonene,Røde Kors-prinsippene,Det Internasjonale Røde Kors og historikk.

Varighet:3 timer. Kurspris: Kr.10,-.

Kurset er lagt opp med innledninger og deltakerne arbeider seg gjennom et arbeidshefte.En spesiell video er en viktig del av opplegget.

NB! Dette kurset er basis for videregående kurs i Røde Kors.

Påmelding til Audhild Våge,tlf.arb. 748500,priv.748632.